



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	fellesrådet	
	levetårsutvalet	
	teknisk utval	
	ungdomsrådet	
	formannskapet	
	kommunestyret	

Organisering av oppvekst - og kulturetaten

Samandrag:

Ulstein kommune står overfor store økonomiske og demografiske utfordringar i åra som kjem. Kommunestyret har vedteke å redusere driftskostnadene i økonomiplanen 2025–2028, og har bedt administrasjonen greie ut framtidig struktur og ressursbruk innan oppvekst og kultur.

Denne saka omhandlar endringar i skulestrukturen for å sikre eit berekraftig, inkluderande og fagleg sterkt opplæringstilbod, med høg kvalitet og effektiv bruk av ressursar. Det er gjennomført omfattande kartlegging, medverknad og analyse av både økonomi, kapasitet, fagmiljø og elevundersøkingar.

Administrasjonen vurderer at alternativet med tre skular – Ulstein ungdomsskule, Ulsteinvik barneskule og Hasund barneskule – gir dei beste føresetnadene for å møte framtidige behov, samtidig som det gir den største økonomiske innsparinga.

Det vert lagt opp til gjenbruk av skulebygg, utviding av barnehagekapasiteten, trygg skuleskyss og god involvering av elevar, føresette og tilsette.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommune reduserer talet på barneskular frå fire til to, og gjennomfører følgjande tiltak:

- Ulstein og Haddal skular vert lagt ned frå skuleåret 2026/2027 og elevane vert overførte til Ulsteinvik barneskule.
- Ulstein skule vert ombygd til ny sentrumsbarnehage.
- Haddal skule vert teken i bruk til kontorføremål og utleige.

Tiltaka skal gjennomførast innanfor økonomiske rammer, prinsippa om barnets beste, god medverknad og berekraftig utvikling.

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn og frist for å kome med innspel er 10.8.2025.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har gjennom budsjettvedtak vedtatt å redusere driftskostnader i økonomiplan 2025 - 2028 med 18,84 mill kroner.

Denne saka omhandlar endring av organisering i oppvekst og kultur sett opp mot framtidig ressursbruk, struktur og kapasitet innan barnehage- og skuleområdet.

Saka er delt opp i tre delar der ein har ei innleiing med grunnleggjande informasjon før ein tek for seg struktur på skule og deretter barnehage.

Del 1 - Innleiande informasjon

Ulstein kommune står framfor store utfordringar i tida framover, særleg på grunn av endringar i demografien. Dette vil påverke korleis kommunen prioriterer ressursane sine, med eit aukande behov innan helse og omsorg, noko som vil leggje press på andre sektorar.

For å kunne halde på det høge kvalitetsnivået i barnehagar og skular, er det avgjerande å vurdere korleis tilbodet kan organiserast på ein meir effektiv måte, utan at det går ut over kvaliteten.

Administrasjonen har i denne saka skissert og gitt ei anbefaling for korleis oppvekstsektoren i Ulstein best kan organiserast.

Eit viktig premiss er høg kvalitet, god ressursutnytting, nok kompetanse, godt læringsmiljø og sikre ei utvikling i tråd med kommunale mål samtidig som ein skal oppnå ei innsparing jf. økonomi- og budsjettplan.

Kommunedirektøren si leiargruppe har vore styringsgruppe og har hatt det overordna ansvaret for å sikre framdrift, innhald og positiv effekt av arbeidet med prosjektet sine målsettingar.

Det operative ansvaret er gitt til ei arbeidsgruppe som har hatt ansvar for å setje i verk og gjennomføre tiltak som bidreg til at prosjektet lykkast med å nå sine mål, innanfor prosjektet sitt mandat. Arbeidsgruppa har arbeidd med datainnsamling for å legge til rette for eit best mogleg data- og kunnskapsgrunnlag i prosessen. Ein har i størst mogleg grad publisert kunnskapsgrunnlag/rapportar/undersøkingar og svar på spørsmål som ein har motteke i prosessen.

Det er lagt vekt på å hente inn kunnskap frå born/elevlar, føresette og tilsette som vil vere dei som er tettast på skule og barnehage.

I arbeidet med skule- og barnehagestruktur i Ulstein kommune er det avgjerande å ta omsyn til barnets beste, som er forankra i FNs barnekonvensjon, Grunnlova og forvaltningslova. Dette prinsippet sikrar at alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, og at barnets beste alltid skal vurderast i sakshandsaminga. Utdanningsdirektoratet sin rettleiar frå 2017 gir retningslinjer for korleis slike vurderingar skal gjerast på både individ- og gruppenivå.

For å sikre at barnets stemme vert høyrd, har Ulstein kommune gjennomført spørjeundersøkingar til elevlar frå 5.-10. klasse og til føresette med barn i barneskulane og barnehagane. Informasjon og kunnskapsgrunnlag har blitt jamleg lagt ut på kommunen si nettside, og elevråda vil bli informert når saka skal ut på høyring. I tillegg har det blitt arrangert folkemøte i alle krinsane for å sikre brei involvering og dialog med innbyggjarane.

Barnets beste-vurdering i større saker, som planarbeid, vil ikkje bli gjort på individnivå, men på systemnivå. I saker som omhandlar skule- og barnehagestruktur og kringsgrenser, vil det ikkje kunne bli gjort enkeltvurderingar for kvart barn. I vår vurdering av barnets beste ser vi på barn i grunnskulen og barnehagar i Ulstein under eitt. I vurderinga av kva som er barnets beste, vil barnets eiga oppfatning vere sentral, men det er likevel ikkje alltid at barnet eller foreldra si meining er til det beste for barnet.

Andre innbyggjarar og organisasjonar som kan ha interesse i saka, eller kan bli påverka av eventuelle framtidige endringar har og fått kome med innspel og ein vil i høyringsrunda kunne kome med utfyllande merknadar /innspel i saka.

Endringar i skulestrukturen, særleg når det inneber samanslåing eller nedlegging av skular, er prosessar som ofte har stor rekkevidde – ikkje berre administrativt og økonomisk, men òg sosialt og politisk. Kunnskap frå norske distriktskommunar viser at slike grep grip inn i både lokalsamfunn, kvardagsliv og opplevinga av tillit til styringssystemet.

Dette stiller kommunen overfor eit dilemma:

Kva veg gir best mogleg balanse mellom berekraftig drift, god kvalitet i opplæringa og levande lokalsamfunn?

Årsakene til nedleggingane er ofte fleire, men fell ofte saman i tre hovudkategoriar: demografisk tilbakegang med påfølgjande reduksjon i elevtal, aukande krav til kvalitet og kompetanse i grunnskulen, og trong for meir effektiv ressursbruk. Desse strukturelle utviklingstrekk utgjør også delar av bakteppet for dei vurderingane som Ulstein kommune no skal gjere i arbeidet med framtidig organisering av skulesektoren.

Samtidig viser forskinga at skulenedleggingar kan skape sterke reaksjonar i lokalsamfunna. Skulen er for mange ein sentral del av fellesskapet, ikkje berre som læringsarena, men også som sosial møteplass og kulturelt tyngdepunkt. Når ein skule vert lagd ned, kan det for lokalsamfunnet opplevast som eit tap av identitet og tilhøyrsløse – og som eit uttrykk for fråkopling og sentralisering.

Det vert peikt på at det ikkje nødvendigvis er nedlegginga i seg sjølv som utløyser motstand og konflikt, men måten prosessen blir handtert på. Kommunar som har oppnådd omstilling med låg grad av konflikt, har ofte lagt til rette for gode, transparente prosessar, der både innbyggjarar, foreldre og tilsette har vore involverte frå eit tidleg stadium. Når lokal kunnskap, uro og alternativ vert teke på alvor, har det også vore mogleg å etablere løysingar som i større grad er forankra lokalt.

Motsett viser erfaringane at prosessar prega av mangelfull informasjon, lukka drøftingar og lite involvering ofte fører til svekt tillit til kommunen og sterke protestar. Dette gjeld særleg i område der skulen har vore ein av dei siste attverande institusjonane i bygda.

I fleire tilfelle har aktiv medverknad òg ført til alternative løysingar – som etablering av friskular, bruk av skulebygg til nye funksjonar, eller gradvise overgangsmodellar. Slike eksempel viser at brei og reell involvering ikkje berre gir betre prosessar, men kan opne for kreativitet og samspel rundt lokal utvikling.

For Ulstein kommune, som no er i gang med å greie ut framtidig struktur i oppvekstsektoren, er slike erfaringane relevante. Dersom kommunen skal sikre ei balansert tilnærming mellom faglege, økonomiske og samfunnsmessige omsyn, vil prosesskvaliteten vere avgjerande. Ein har prøvd i størst mogleg grad å ta lærdom av andre kommunar sine erfaringar som kan bidra til større aksept og forståing for dei vala som må takast – uavhengig av utfallet.

Nasjonale signal

Oppdraget som er gitt av kommunestyret må og sjåast i lys av nasjonale føringar og dei utviklingstrekk regjeringa løftar fram som i Kommuneproposisjon 2026. Her understrekar regjeringa at kommunesektoren står overfor store og vedvarande utfordringar som krev aktiv tilpassing, ansvarleg økonomistyring og omstilling.

Regjeringa har i siste Kommuneproposisjon peikt på at kommunesektoren står overfor store og uunngåelege omstillingsbehov som følgje av endringar i demografi. Vi blir fleire eldre og færre barn, og i mange kommunar går talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder ned. Ein peikar på at kommunane må førebu seg på å flytte ressursar frå oppvekstområdet og over til helse- og omsorgstenester, der behovet vil auke betydeleg i åra som kjem.

Dette krev ei aktiv og ansvarleg prioritering frå kommunane si side. Som rammestyrte einingar har kommunane eit sjølvstendig ansvar for å tilpasse tenestetilbodet til inntektsrammene og den demografiske utviklinga. Regjeringa gjer det tydeleg at pengar åleine ikkje kan møte desse utfordringane – det må satsast på omstilling og effektivisering for å sikre berekraftige tenester over tid.

Samtidig understrekar regjeringa kor viktig det er at kommunale leiarar og folkevalde kjenner seg trygge i å ta dei krevjande vala som situasjonen krev. Mange kommunar står i vanskelege prosessar knytt til endring av skule- og barnehagestruktur der slike endringar vert vurdert som naudsynte for å sikre eit godt og berekraftig velferdstilbod til innbyggjarane – også i framtida.

Som kommunal- og distriktsminister Stenseng uttalar:

– Det er framleis behov for at kommunesektoren omstiller seg. Kommunar og fylkeskommunar må difor gjere gode prioriteringar og ha god økonomistyring for å ha balanse i kommuneøkonomien.

Ulstein kommune står, som mange andre, i ei tid der strategisk omstilling er heilt nødvendig for å sikre framtidig berekraft. Reduksjonen i driftsnivå må derfor ikkje berre sjåast som ei isolert innsparingsøving, men som ein heilskapleg tilpassing til eit nytt og meir krevjande demografisk og økonomisk landskap. Utgreiingane innan oppvekst og kultur må difor leggje vekt på både effektiv bruk av ressursar, befolkningsutvikling og det ansvaret kommunen har for å sikre tenester til dei som treng det mest i framtida.

Kommunen sitt økonomiske bilete

Ulstein kommune har over tid hatt ei sterk utvikling og ein har saman bygd ei kommune med høg attraktivitet og med ein organisasjon som har vist evne til å levere tenester effektivt og med kvalitet. Men vi står no i eit tidsskifte.

Kommunestyret sitt vedtak om å starte prosessar for å redusere driftskostnadene med 18,84 millionar kroner inn mot økonomiplan 2025–2028, inkludert utgreiing av struktur og ressursbruk innan oppvekst og kultur, er eit nødvendig og ansvarleg grep for å møte dei utfordringane vi står i. Kommunestyret sitt vedtak er ei oppfølging av tidlegare vedtak knytt til det som tidlegare er omtalt som SMART prosjektet.

Kommunedirektøren si vurdering av rekneskapen for 2024 understrekar alvoret. Året vart avslutta med eit negativt netto driftsresultat og ei kraftig svekking av kommuneøkonomien, som mellom anna har ført til at disposisjonsfondet er redusert til eit kritisk nivå for Ulstein sin storleik. Vi har no ein økonomisk struktur som ikkje lenger er berekraftig og kraftig omstilling er naudsynt.

Samtidig endrar dei økonomiske føresetnadene seg raskt. Ulstein har også, som resten av kommunesektoren, fått tydelege signal frå regjeringa og Statsforvaltaren om behovet for

omstilling, berekraft og langsiktig økonomisk styring. Kommuneproposisjon slår fast at den demografiske utviklinga med fleire eldre og færre barn vil krevje ei omfordeling av ressursar – frå oppvekst til helse og omsorg. Dette gjeld òg for Ulstein.

Difor må vi no, med blikket retta framover, vurdere strukturen og kapasiteten innan oppvekstområdet – barnehagar og skular – i lys av utviklingstrekk som gjer at dagens organisering ikkje nødvendigvis er tilpassa morgondagens behov. Det handlar ikkje berre om økonomi, men om å sikre gode og framtidsretta tenester innanfor dei rammene vi har. Som kommune kan vi ikkje lenger halde fram med å bruke meir pengar enn vi har.

Ulstein har høg produktivitet og har gjennom fleire år vist evne til innovasjon og effektiv drift – særleg innan helse og omsorg. Likevel er det ikkje til å kome unna at om vi skal lukkast med å styrke dei områda der behova aukar, må vi prioritere enno sterkare. Den pågåande veksten i talet på eldre og brukarar med samansette behov krev meir ressursar. Dette forsterkar behovet for at kommunen er strategisk i si tenking om organisering, prioritering og bruk av ressursar.

Omstillingsarbeidet i oppvekst og kultur, slik kommunestyret no har bestilt, blir difor eit sentralt grep for å sikre at Ulstein også i framtida kan levere berekraftige og likeverdige tenester til alle innbyggjarar. Det krev mot, openheit og ei samla kraft i organisasjonen – men òg ei erkjenning av at vi står midt i ein ny realitet som vi ikkje kan velje å sjå bort frå.

Kommunestyret har gjennom sitt vedtak desember 2024 lagt slike føringar for innsparingar -

	2025	2026	2027	2028
KST - innsparingskrav sentraladministrasjonen 2025-2027 (frå øk.plan 2024-2027)	-150 000	-525 000	-1 275 000	-1 275 000
Sal/samarbeid av administrative tenester		-100 000	-300 000	-300 000
Vakant stilling i personalavdelinga	-500 000			
Auka inntekt av trekk frå tilsette for kaffi/fritidsforsikring/OU-trekk	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
FSK - innsparingskrav folkevalde		-250 000	-250 000	-250 000
FSK - innsparingskrav UEKF		-300 000	-1 500 000	-2 000 000
FSK - redusert minsteavdrag ved omorganisering	-1 595 000	-1 708 000	-1 398 000	-1 182 000
Sum folkevalde, eigedom og administrasjon	-2 445 000	-3 083 000	-4 923 000	-5 207 000
Endring av organisering oppvekst og kultur		-5 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Auke pris på skulefritidsordning	-370 000	-745 000	-745 000	-745 000
Feriestengte barnehagar	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Sum oppvekst og kultur	-970 000	-6 345 000	-11 345 000	-11 345 000
KST - innsparingskrav teknisk etat 2025-2027 (frå øk.plan 2024-2027)	-270 000	-945 000	-2 295 000	-2 295 000
Innsparing vakanse plan- og bygningsavdelinga	-495 000			
Sum teknisk etat	-765 000	-945 000	-2 295 000	-2 295 000
Sum alle kommunalområder	-4 180 000	-10 373 000	-18 563 000	-18 847 000

For oppvekst og kultur er den samla innsparinga i storleik 11,3 millionar kroner med full effekt frå 2027. Dette inneber at både i 2025 og 2026 må det gjennomførast større omstilling for å nå kravet som kommunestyret har lagt til grunn.

Kommunedirektøren vil vise til at dette truleg er eit minimum av omstilling som kommunen har behov for og ein viser til det strukturelle meirforbruket som vist i årsrapport for 2024.

Overordna planverk

Ulstein kommune har i sine overordna planar lagt klare føringar for utviklinga av oppvekstsektoren. Både *Levekårsplanen 2020–2032* og *Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2029* slår fast at gode, trygge barnehagar, skular og nærmiljø er avgjerande for barn og unge sine levekår. Samstundes stiller planverket tydelege krav til berekraft, medverknad og heilskap i tenesteutviklinga.

Levekårsplanen viser at heilskap og samanheng i oppveksten er ein viktig føresetnad for å møte framtida, og at ressursar må kanaliseras til tidleg innsats og førebygging. Dette føreset ein struktur som ikkje står i vegen for å flytte ressursar til dei områda der behovet er størst. Planen peikar òg på at utvikling av gode og attraktive nærmiljø i heile kommunen er eit mål i seg sjølv – og at tiltak ikkje skal bidra til utarming av bygdene.

Samfunnsdelen av kommuneplanen løftar fram perspektiv og verdiar som skal liggje til grunn for kommunal utvikling med mål om at Ulstein skal vere ei kommune for heile folket, der sentrum og krinsane skal spele kvarandre gode.

Saman skaper planane eit balansert utgangspunkt der kommunen har både ei plikt til å sikre tenester nær folk og eit ansvar for å drive berekraftig og effektivt i møte med endra demografi og økonomi.

Samtidig har kommunen eit tydeleg utfordringsbilete. Ulstein har i dag fem grunnskular med korte avstandar mellom og med skilnader i elevtal noko som gir ulik ressursbruk per elev og ein mindre effektiv drift enn det som er mogleg med ein meir samordna struktur.

Den demografiske utviklinga har over tid vist ein trend at kommunen har fått og vil få færre barn og fleire eldre i åra som kjem. Dette forsterkar behovet for å omdisponere ressursar frå oppvekst til helse og omsorg – slik også regjeringa peiker på i Kommuneproposisjon 2026. For å møte framtidas behov, må kommunen vurdere korleis ein kan sikre både kvalitet og kapasitet i alle sektorar – innanfor ein strammare økonomisk ramme.

Vurderinga er difor at strukturendring i oppvekstsektoren – spesielt i grunnskulen – er eit aktuelt grep. Det opnar for potensielle innsparingar, samstundes som det gir høve til å styrke fagmiljø, sikre betre utnytting av personalressursar og frigjere midlar til omfordeling.

Samstundes må ein vere medviten om dei moglege konsekvensane: Ein skule er meir enn ein læringsarena – det er ofte eit sosialt og kulturelt ankerfeste i bygda. Tap av nærskule kan føre til svekt tilhøyrslø, redusert bulyst og tap av møteplassar i lokalsamfunnet.

For å balansere desse omsyna må det ikkje leggjast “lok” på prosessen, men legge til rette for ein grundig og open prosess, der ulike alternativ vert vurderte. Målet må vere å utvikle eit framtidsretta oppvekstilbod som er både berekraftig og inkluderande – og som bidreg til gode levekår i kommunen.

Moglege konsekvensar ved skulenedlegging

I lys av kommunestyret si bestilling om å greie ut framtidig ressursbruk, struktur og kapasitet i skule- og barnehagesektoren, er det viktig å løfte fram kunnskap frå relevant forskning om dei sosiale konsekvensane av skulenedleggingar. Agenda Kaupang har gjennomført ei rekkje utgreiingar kring skule- og barnehagestruktur og har i sine rapportar samanfatta funn frå fleire større studiar som gir innsikt i korleis slike endringar påverkar elevar, foreldre og lokalsamfunn.

Ein viser mellom anna til ei norsk undersøking gjennomført av Nordlandsforskning (2003) der ein såg nærare på 35 skulenedleggingar der elevane fekk over 10 km lenger skuleveg.

Undersøkinga viser at skulenedlegging påverkar elevane sin trivsel noko negativt, men ikkje i vesentleg grad. Dei fleste elevar rapporterte god trivsel på den nye skulen, sjølv om tala var noko lågare enn på den gamle. 75 prosent svarte at dei trivdest «bra» eller «veldig bra» etter skulebyte, mot 88 prosent før.

Foreldra vurderte konsekvensane meir negativt enn barna, særleg når det gjaldt lengre skuleveg og svekka tilknytning til nærmiljøet.

Samtidig meinte både elevar og foreldre at forhold som skuleprestasjonar, fritidsaktivitetar og heimearbeid ikkje vart særleg påverka. Det mest positive med skulebyte var ifølgje både elevar og foreldre eit utvida sosialt miljø og nye venemoglegheiter – spesielt for dei eldste elevane. Derimot viste det seg at dei yngste og dei med lengst reiseveg opplevde endringa som mest krevjande.

Agenda Kaupang viser og til ein dansk studie gjennomført av Egelund og Laustsen (2004) som undersøkte korleis 30 bygder utvikla seg etter skulenedleggingar i perioden 1990–1999. Funn frå studien viser at bygdene utviklar seg svært ulikt. Nokre bygder klarte seg godt og hadde høg tilflytting, stabile bustadprisar og levande lokalsamfunn – ofte fordi dei låg i pendlingsavstand til byar, hadde god infrastruktur og attraktive buområde. I desse tilfella fungerte det tidlegare skulebygget gjerne som ein ny sosial arena. Andre bygder opplevde svekt samhald og forvitring av det sosiale fellesskapet. Desse bygdene hadde gjerne opplevd nedgang lenge før skulenedlegginga, med fråflytting, låg bustadattraktivitet og mangel på lokale drivkrefter.

I oppsummeringa understrekar ein at det ikkje nødvendigvis er skulenedlegginga i seg sjølv som utløyser fråflytting eller nedgang – snarare er det ein konsekvens av langvarige demografiske og samfunnsmessige utviklingstrekk. Dette vert ytterlegare stadfesta i ein analyse frå Teknologisk Institut (2008), som samanlikna 94 danske bygder med og utan skule. Analysen viste at bustadprisar, folketal og talet på barnefamiliar utvikla seg meir negativt i bygder som hadde mista skulen – særleg dersom dei låg utanfor pendlingsavstand. I slike område såg ein òg ein tendens til at foreiningsaktivitetar og lokalt engasjement flytta seg ut av bygda, og at fleire foreldre valde barnehage utanfor nærmiljøet.

Det er ikkje automatisk slik at nedlegging av ein skule fører til forvitring av bygda – men for bygder med frå før svak busetnad, lite sosial infrastruktur og dårleg kommunikasjon, kan nedlegging bli ein akselererande faktor i ein negativ utvikling. Samtidig viser forskinga at lokalsamfunn med gode fysiske og sosiale ressursar, og med lokal mobilisering, kan oppretthalde aktivitet og fellesskap også etter at skulen er borte.

Forskinga syner vidare at elevane i stor grad handterer overgangen til ny skule positivt, men at faktorar som lang skuleveg, alder og skuleskyss påverkar opplevinga.

Desse forskingsbaserte innsiktene støttar opp om behovet for at ei eventuell endring i skulestruktur vert gjennomført med gode vurderingar, lokal medverknad og kompensierende tiltak i bygder som vert råka. Kommunestyret si bestilling legg til rette for at slike moment vert vurderte som ein integrert del av ei heilskapleg og framtidsretta omstilling av oppvekstsektoren.

I mange kommunar har sentralisering vore ein del av ein strategisk innsats for å styrke fagmiljø, effektivisere drift og sikre betre ressursutnytting. Dette kan gi fordelar, ikkje minst i tider med økonomisk press og demografisk ubalanse. Men ei slik tilnærming utfordrar òg visjonane i planverket om levande bygder, desentralisert tenestetilbod og likeverdige levekår for innbyggjarane – uavhengig av bustadkrins.

For Ulstein kommune, som har formulert klare mål i både levekårsplanen og samfunnsdelen, må desse innsiktene vere ein del av vurderinga av skulestrukturen. Det er ikkje nok å dokumentere økonomiske innsparingar – ein må også forstå kva som står på spel sosialt og identitetsmessig. Ei eventuell nedlegging av ein krinsskule krev difor meir enn økonomisk utgreiing. Det krev reell involvering, brei lokal forankring, og ei tydeleg vurdering av kva bygda får tilbake om skulen vert borte – anten det er i form av sambruksarenaer, kulturaktivitetar, arbeidsplassar, møteplassar eller styrka digital infrastruktur.

Det må vere eit mål at omstilling og effektivisering skjer på ein måte som ikkje skaper uopprettelege sår i lokalsamfunnsstrukturen, men med gode og nyanserte vurderingar – og modige, men kloke val.

Del 2 - Skulestruktur

For å møte kommunestyret sine forventingar om innsparing har ein vurdert følgjande alternativ for strukturen kring skule:

- 0-alternativet
- Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule
- Haddal skule til Ulsteinvik barneskule
- Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule
- Haddal skule til Hasund skule

Pedagogisk og organisatorisk vurdering

Elevane si oppleving av skulekvardagen heng ikkje nødvendigvis saman med om dei går på ein liten eller stor skule, men med korleis skulen vert organisert, korleis læringsmiljøet vert ivaretekt, og kvaliteten på relasjonane mellom elevar og tilsette.

Når klassestorleiken er innanfor pedagogisk forsvarlege rammer, som i dei vurderte alternativa under, vil vi kunne tilby både fagleg breidde og sosialt mangfald. Dette legg grunnlaget for eit godt læringsmiljø, god inkludering og styrking av fellesskapen.

Dei lokale spørjeundersøkingane gjennomført i Ulstein kommune i 2025 underbyggjer desse funna. Elevane frå 5.-10. trinn rapporterer i stor grad at dei har gode venner både i klassa og på skulen, og dette gjeld i høg grad også på Ulsteinvik barneskule – den største skulen i kommunen. Tala viser at elevar ved større skular i Ulstein opplever skulemiljøet som hovudsakleg trygt og godt, og at dei i større grad vurderer skulevegen som trygg. Vidare syner undersøkingane at dei fleste elevane meiner ein klassestorleik på 21–25 elevar er ideell, noko som harmonerer med dei klassestorleikane som vil vere gjeldande dersom fleire elevar blir samla på færre skular.

Tilsette ved skulane svarar at høve for fagleg samarbeid, fleksibel organisering og tilgang til støttefunksjonar er faktorar dei vurderer som svært viktige. Desse faktorene vert i større grad realiserte ved større einingar, og dette vert understøtta av at slike faktorar er betre ivaretekne på Ulsteinvik barneskule.

Samla sett støttar dei lokale spørjeundersøkingane at store læringsmiljø – når dei vert godt organiserte – gir gode føresetnader for både fagleg og sosial utvikling, trivsel og inkludering. Samstundes må ein møte med forståing dei svara som har kome frå elevane, føresette og tilsette ved dei skulane som no er vurderte for nedlegging. Særleg ved Haddal skule har fleire uttrykt uro for endringane, og mange peikar på at den nære og oversiktlege kvardagen i ein liten skule har stor verdi for born i tidleg alder. Det vert også trekt fram at nærleik til heimen og tett kontakt mellom heim og skule er viktig for både tryggleik og trivsel.

Desse perspektiva er viktige, og dei skal møtast med respekt. Det er ikkje tvil om at små læringsmiljø har eigne kvalitetar, og ei eventuell strukturendring må gjennomførast med omsorg, god informasjon og grundig tilrettelegging. For mange elevar og familiar vil ein slik overgang vere krevjande, og kommunen må sikre trygg skuleskyss, gode overgangsrutinar og tett oppfølging frå start.

Samtidig viser tilbakemeldingane frå dei same spørjeundersøkingane at mange føresette og tilsette også ser fordelar ved større fagmiljø og betre tilgang til ressursar. Når endringar vert godt planlagde og gjennomførte i nært samarbeid med dei involverte, vil det vere mogleg å bevare det gode, og samtidig styrke det faglege og sosiale fellesskapet rundt elevane. Store

læringsmiljø – når dei vert godt organiserte – gir gode føresetnader for både fagleg og sosial utvikling, trivsel og inkludering.

Utvikling, kvalitet og kompetanse

Barnehagar og skular skal vere lærande organisasjonar der tilsette reflekterer over og vurderer planlegging og gjennomføring av undervisninga. Dette skaper eit profesjonsfagleg fellesskap prega av samarbeid, felles mål, kollektive læringsprosessar og utvikling av praksis. Slike fellesskap står sterkare i større einingar med fleire lærarar, der det er rom for spesialisering, deling av erfaring og fagleg utvikling. God leiing er ein føresetnad for utvikling, og dette krev at leiinga har tid og rammer til å vere til stades for både elevane og personalet. I små einingar der rektor må undervise, vert desse vilkåra svekka.

Ressursutnytting og økonomi

Ressursane kommunen har til opplæring må nyttast målretta for å gi best mogleg læringsutbytte for elevane. Dette krev god personalplanlegging, rett bruk av kompetanse og fysiske læringsareal som fremjar utvikling. Større einingar gir betre grunnlag for fleksibel organisering, støttefunksjonar og tilpassa opplæring innanfor fellesskapet. Det gir òg betre økonomisk styring over tid, særleg i ei tid der elevtalet er stabilt eller svak nedgang. Å oppretthalde fleire skulebygg krev høge driftskostnader, og reduserer høvet til å prioritere pedagogiske tiltak til eleven sitt beste.

Læringsmiljø og tryggleik

Eit trygt og godt skulemiljø fremjar helse, trivsel og inkludering. Elevane sine behov for sosial tilhøyrse, faglege utfordringar og tryggleik i kvardagen må stå sentralt i vurderinga av skulestruktur. Kommunen har vurdert tryggleiken i høve skuleskyss i alle alternativa, og konkluderer med at alle elevane vil få ein forsvarleg skyss. Dette omfattar både reisetid, alderstilpassa oppfølging og praktisk organisering. Tryggleik vert dermed ivaretatt i alle alternativa.

Vurdering av alternativ

Alternativ 0: Vidareføring av dagens struktur med reduksjon i bemanning

Dersom vi vel å halde fram med dagens struktur utan å endre skulekartet, men gjennomfører pålagte innsparingar, vil vi måtte redusere bemanning og støttefunksjonar ved alle skular. Dette svekkjer høvet til å drive systematisk utviklingsarbeid og tilpassa opplæring. I små einingar vert læringsmiljøet meir sårbart, rektor får mindre tid til leiing; må ha undervisning inn som del av stillinga si, og støttefunksjonar som miljøarbeid og IKT-støtte vert kutta. Dette aukar risikoen for at elevane ikkje får det tilbodet dei har krav på, og kan på sikt føre til høgare kostnader til individuelt tilrettelagd opplæring, tidlegare kjent som spesialundervisning. Alternativet gir kortsiktig innsparing, men er pedagogisk og organisatorisk sårbart.

Økonomi: Innsparing 17,8 millionar kroner.

I innsparinga ligg det til grunn eit kutt i bemanning på alle skular ned til lærarnorm. Det er ikkje lagt inn noko ekstra ressursar til å styrke opplæringa systematisk, eller til å følge opp enkeltelevane fagleg eller psykososialt utanom det som er lovpålagd. Det er teke ned ressursar til leiing og tal på fagarbeidarar og assistentar.

Alternativ 1: Nedlegging av Ulstein skule – elevane overført til Ulsteinvik barneskule

Dette alternativet inneber at elevane frå Ulstein skule vert flytta til Ulsteinvik barneskule. Ved å samle desse elevane, vil vi opprette tre nye klassar med ein klassestorleik på mellom 19 og 25 elevar. Dette er innanfor pedagogisk forsvarlege rammer, og det vil også vere plass til fleire elevar om det vert aktuelt. Skulen vil få eit styrka profesjonsfellesskap, betre høve til å fordele fagressursar og meir robuste klassemiljø. Skuleskyssen er planlagt og vurdert som trygg og forsvarleg, og det vert lagt til rette for gode overgangar med tett oppfølging. Kapasitetsvurderingar viser at skulen har rom til å ta imot elevane med god margin.

Økonomi: Innsparing 11,8 millionar kroner.

I innsparinga ligg det at vi ikkje treng å føre over alle ressursane frå Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule. Vi sparar på lærarstillingar, fagarbeidar/assistent og leing. Skyssutgifter og tap av grunnskuletilskot er med i utrekninga.

Alternativ 2: Nedlegging av Haddal skule – elevar overført til Ulsteinvik barneskule

Dette alternativet fører til at tre nye klassar må opprettast ved Ulsteinvik barneskule, med klassestorleik frå 19 til 24 elevar. Dette vil vere innanfor pedagogisk forsvarlege rammer, og det vert skapt eit meir variert og inkluderande læringsmiljø. Skulen får styrkt fagmiljø og betre høve til å tilby støtte innanfor fellesskapet. Det er vurdert at skulen har kapasitet til å ta imot elevane. Skuleskyssen vert gjennomført i tråd med gjeldande tryggleiksnormer, og overgangen vil bli godt planlagt i samarbeid med føresette.

Økonomi: Innsparing på 10,7 millionar kroner.

I innsparinga ligg det at vi ikkje treng å føre over alle ressursane frå Haddal skule til Ulsteinvik barneskule. Vi sparar på lærarstillingar, fagarbeidar/assistent og leing. Skyssutgifter og tap av grunnskuletilskot er med i utrekninga.

Alternativ 3: Nedlegging av både Ulstein og Haddal – elevar overført til Ulsteinvik barneskule

Dette alternativet inneber at vi flyttar elevar frå begge skulane. Vi må då opprette fire nye klasser med klassestorleik på mellom 21 og 25 elevar. Ulsteinvik barneskule vil med dette nytte 25 av 29 klasserom, og har framleis noko kapasitet for vekst. Pedagogisk vil dette styrke både profesjonsfellesskap og fagmiljø, gi betre rom for spesialpedagogiske tiltak innanfor ordinær undervisning og eit sosialt mangfald som gir godt grunnlag for inkludering og trivsel. Elevane vil få tilgang til eit breitt fagleg og sosialt tilbod. Skuleskyss er forsvarleg vurdert, og kommunen legg til rette for ein trygg overgang for alle elevar. Dette alternativet gir den mest framtidsretta løysinga både økonomisk og fagleg.

Økonomi: Innsparing på 19, 5 millionar kroner.

I innsparinga ligg det at vi ikkje treng å føre over alle ressursane frå Haddal skule og Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule. Vi sparar på lærarstillingar, fagarbeidar/assistent og leing. Skyssutgifter og tap av grunnskuletilskot er med i utrekninga.

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule

Dette alternativet fører til at fire nye klasser må opprettast ved Hasund skule, med klassestorleik frå 14 til 25 elevar. Dette vil vere innanfor pedagogisk forsvarlege rammer, og det vert skapt eit meir variert og inkluderande læringsmiljø. Skulen får styrkt fagmiljø og betre høve til å tilby støtte innanfor fellesskapet. Det er vurdert at skulen har kapasitet til å ta imot elevane, men at det vil bety at brakkebygget vert nytta som klasserom. Etter uttale frå eigedomsavdelinga er ikkje dette bygget eigna til framtidig skuledrift. Skuleskyssen vert gjennomført i tråd med gjeldande tryggleiksnormer, og overgangen vil bli godt planlagt i samarbeid med føresette.

Økonomi: Innsparing 9,7 millionar kroner.

I innsparinga ligg det at vi ikkje treng å føre over alle ressursane frå Haddal skule til Hasund skule. Vi sparar på lærarstillingar, fagarbeidar/assistent og leing. Skyssutgifter og tap av grunnskuletilskot er med i utrekninga.

Trafikksikringstiltak

I samband med vurdering av framtidig skulestruktur, er det relevant å sjå på høvet til å betre trafikksikring for elevar gjennom tiltak knytt til skuleskyss. Eit sentralt tema i denne samanhengen er moglegheitene for å nytte Gjerdegata som av- og påstigningsstad for skulebussar.

Fram til bygginga av Ulstein Arena (om lag 2015) vart elevar henta og levert av skulebussar på eit stort langsgåande busstopp på sørsida av Gjerdegata, ved den dåverande parkeringsplassen nord for Samfunnshuset. Bussane køyrde då inn frå vest, via Kyrkjebakken og Vikemyra, og vidare anten mot Sjøgata eller Holsekervegen.

I planarbeidet for Ulstein Arena vart det halde møte med lokal representant for busselskapet, der det vart foreslått ei endring i køyreretninga – frå aust mot vest – med stopp på nordsida av Gjerdegata. Fordelen med dette var at bussane kunne stoppe på same side som skulen, noko som reduserte behovet for kryssing av vegen og dermed auka tryggleiken for elevane. Samstundes ville bussane kunne få betre svingradius i kryssa ved både Trillenløda og kyrkja.

Under byggeperioden vart all skuleskyss flytta til skysstasjonen i Sjøgata. Då Ulstein Arena stod ferdig, ønskte kommunen å reetablere ordninga i Gjerdegata, og la til rette for dette. Fylkeskommunen og busselskapet avviste likevel dette, trass i fleire rundar med korrespondanse mellom partane i perioden 2018–2022.

Hausten 2022 kom fylkeskommunen med eit kompromiss: Elevane kunne stige av i Gjerdegata om morgonen, men etter skuletid måtte all påstiging skje frå skysstasjonen. Kommunen måtte då dekke delar av kostnadene for å få dette til. Etter ei vurdering frå administrasjonen vart det konkludert med at det på dåverande tidspunkt ikkje var grunnlag for å arbeide vidare med saka.

Likevel er det opna for at løysinga kan takast opp på nytt. Med tilstrekkeleg politisk og administrativ vilje, meiner vi at det er mogleg å få til ei ordning der alle, eller i det minste dei fleste, skulebussane igjen kan hente elevar i Gjerdegata etter skuletid. Dette vil vere eit viktig tiltak for å betre trafikksikringa for elevar i sentrum, og bør vurderast som del av eit samla tiltak for trygg skuleveg i samband med framtidig strukturering av skulenettet.

Det er gjort ei enkel vurdering av kva kostnader det vil innebære å oppgradere krysset ved Trillenløda. Tiltaket er ikkje detaljprosjektert, og det føreligg ikkje endeleg plan eller omfang. Men ei grov budsjettering av tiltak som omfattar reguleringsplan, grunnnerv, etablering av fortau, kryssmodifisering, grunnarbeid og asfaltering ligg i storleiksorden 1,5 millionar kroner. Tiltaket må vidare utgreiast.

Del 3 - Barnehagestruktur

Med omsyn til framtidig struktur innanfor barnehage hadde vi i 2024 ei sak som omhandla framtidig organisering av barnehagar i Ulstein.

I saka frå 2024 peikte vi på kva Ulstein kommune kunne gjere for å auke barnehagekapasiteten både på kort og lang sikt. Kommunestyret slutta seg til at

kommunedirektøren kartla alternativ med kalkyle på kostnadsrammer for ulike alternativ for å sikre auka kapasitet innan barnehage.

I saka vurderte vi fleire tiltak for å møte framtidig behov for barnehageplassar. I saka hadde vi fokus på utvikling av større einingar, betre kvalitet og betre arbeidsvilkår, men også utfordringar knytt til rekruttering og økonomi.

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste tiltaka i saka (kroner er inkludert meirverdiavgift):

- Ny barnehage i Hasund krins, 90 plassar – 66 millionar kroner.
- Utbygging Almejordet barnehage – 30 millionar kroner.
- Høddvoll barnehage, ny avdeling og betring av arbeidstilhøve - 23 millionar kroner.
- Ny stor barnehage i sentrum.

Ulstein kommune har i sine tidlegare planar vurdert ei trinnvis og fleksibel tilnærming med omsyn til utbygging i barnehagesektoren der ny barnehage i Hasund krins vart vurdert som første steg.

Tilbod om kjøp av privat barnehage

Kommunen har fått tilbod om kjøp av Sætra barnehage. Saka vart handsama i desember 2024 der kommunestyret fatta slikt vedtak:

Kommunestyresak - 148/24

- 1. Kommunestyret vedtek ikkje å kjøpe Sætra Barnehage AS på noverande tidspunkt*
- 2. Ulstein kommune opprettheld krav om forkjopsrett, slik at seljar ved avtale om sal til andre først må gi kommunen tilbod om å kjøpe til same pris og med vilkår knytt til grunn jf. tidlegare avtale*

Saka vart fremja på bakgrunn av at eigar av Sætra barnehage AS tok kontakt med Ulstein kommune 01.10.24 om at dei vil selje barnehagen. Ulstein kommune har forkjopsrett og fekk tilbodet først.

Møremekling gav ei verdivurdering i april 2024 på 8 610 000 kroner og eigar ønskjer å selje barnehagen for denne summen. Til fråtrekk av kjøpesummen kjem eit indeksregulert tilskot som Sætra barnehage AS fekk ved etablering av barnehagen. Eigar har levert ny takstrapport/verdivurdering datert 25.2.2025 utarbeidd av OSE der verdivurderinga er 9 800 000 kroner.

I saka frå desember vart det lagt vekt på at drifta av små barnehagar er kostbar og ineffektiv, noko som gjeld både kommunale og private aktørar. Difor er det naudsynt å finne måtar å drive desse meir kostnadseffektivt på, samtidig som det sikrar at tilbodet held seg på eit høgt nivå og i tråd med gjeldande lovverk.

Kommunedirektøren la vekt på at for å kunne halde på det høge kvalitetsnivået i barnehagar og skular, var det avgjerande å vurdere korleis tilbodet kunne organiserast på ein meir effektiv måte, utan at det går ut over kvaliteten. Kommunedirektøren vurderte at det ville vere naudsynt at vi hadde eit samla totalbilde før vi tok stilling til eit mogleg kjøp av Sætra barnehage. I saka vart kommunestyret bedne om å slutte seg til kommunedirektøren sine råd om å starte arbeide med ein prosess for korleis barnehage og skule skal sjå ut i Ulstein kommune i framtida.

Administrasjonen vil legge fram eiga sak kring mogleg kjøp av barnehagen i samband med godkjenning av framtidig struktur.

Ny barnehagestruktur

Kommunedirektøren legg til grunn at skulebygg som blir frigjorde ved ei justering av skulestrukturen, kan takast i bruk til barnehagedrift. Samtidig må vi ta høgde for moglegheita for endringar i det private barnehagetilbodet i Ulstein, og dette må inngå som ein del av det vidare arbeidet med å fastsetje den samla strukturen.

Kommunedirektøren rår til at vi flyttar Almejordet barnehage til ny lokasjon, Skeide, under føresetnad at Ulstein skule vert lagt ned.

Barnehagen på Skeide skal vere den nye kommunale sentrumsbarnehagen og ha kapasitet til å ta hand om auka tal plassar både på kort og lengre sikt sett opp mot det samla behovet for barnehageplassar i kommunen. Dette omfattar og moglege endringar i det private barnehagetilbodet og mogleg kjøp av Sætra barnehage.

Ny barnehage i Hasund krins vert bygd slik kommunestyret har vedteke desember 2024, men innanfor dei økonomiske rammer som er vedtekne.

Vi må sjå det samla behovet som kommunen har og dimensjonere nye og eksisterande lokasjonar mest mogleg optimalt i forhold til behovet som gjer seg gjeldande.

Eigedomar som er i kommunen sitt eige og som i dag vert nytta til barnehage kan seljast ut til fordel for andre utbyggingsformål.

Ny barnehage på Skeide (gjenbruk av Ulstein skule)

Ved planlegging og dimensjonering av barnehage ved Ulstein skule er det avgjerande å sikre at kapasitet og bemanning er tilstrekkeleg for å møte behova til barna på ein trygg og pedagogisk forsvarleg måte. Kapasitet viser til talet på barn barnehagen kan ta imot. Bemanning handlar om kor mange tilsette som er tilgjengelege for å ivareta barna sine behov for omsorg, og gi dei eit pedagogisk tilbod i tråd med barnehagen sitt formål.

Barnehagar skil seg frå skular ved at dei krev spesifikke løysingar og tilpassingar for å sikre eit trygt miljø for små barn. Dette handlar om korleis barnehagen kan organiserast med tanke på talet på plassar, leike- og opphaldsareal, og bemanning i tråd med gjeldande lovverk og forskrifter. Som fasilitetar for kvile og søvn, fleire toalett med god tilgang til handvask, og nærleik til desse. Korleis spesialpedagogiske ressursar kan integrerast for å styrke laget rundt barnet og sikre tett oppfølging av barn med særskilde behov – i tråd med intensjonane i NOU om tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid står sentralt.

Gjennom ei vurdering av kapasitet og bemanning kan ein sikre eit trygt, stimulerande og inkluderande miljø som fremjar trivsel og læring.

Ved etablering av ein barnehage i Ulstein skule, er der fleire krav etter gjeldande lovverk som må oppfyllest. Dette omfattar både godkjenning av sjølvje barnehagedrifta og tilpassing av bygget etter tekniske og reguleringsmessige krav.

Bygget har fleire strukturelle kvalitetar som gjer det godt eigna for barnehageformål, gitt naudsynt tilpassing. Eit av dei mest positive trekka er den gode tilgangen på naturleg lys gjennom store vindauge, noko som bidreg til eit lyst og triveleg inneklima. Naturleg lys er viktig for både trivsel, helse og læring, og det gir eit godt utgangspunkt for å skape stimulerande og varierte leike- og opphaldsareal

I tillegg har bygget god takhøgde. Dette er særleg verdifullt i barnehagesamanheng, der barna er fysisk aktive og har behov for opne og fleksible areal. Høg takhøgde gir betre moglegheiter for ventilasjon og lysinnslepp, og opnar for kreative løysingar i innreiing og bruk av romma.

Bygget gir fleksibilitet i planlegginga til å skape eit miljø som støttar leik, utforsking og sosialt samspel – i tråd med barnehagepedagogikken.

Utearealet ved Ulstein skule vil gi barn i barnehage rike moglegheiter for leik, utforsking og fysisk aktivitet i eit variert og stimulerande miljø. Med store areal og nær tilgang til skog, fjell og fjøre, med ulike terreng og kvalitetar, kan barna oppleve naturen på nært hald og utvikle tilknytning og kjærleik til heimlassen sin.

Områda legg til rette for frileik, sosialt samspel og fysisk utfolding, noko som styrkar både motoriske ferdigheiter og trivsel, og bidreg til å byggje både meistring og god helse.

Kostnad og framdrift

Det er vanskeleg å gi ei presis kostnadsramme for å legge til rette barnehage på noverande tidspunkt. Dette må greiast ut om kommunestyret sluttar seg til tilrådinga.

Sidan bygget og dei tekniske installasjonane står fram som godt vedlikehaldne, vert det vurdert som mogleg å gjennomføre prosjektet der bygget kan ha ei framtid som barnehagebygg. Dette må kartleggast gjennom eit forprosjekt.

Det må også takast høgde for at ei bruksendring kan utløyse krav etter teknisk forskrift (TEK17). Den førre større ombygginga av bygget vart gjennomført i 2008.

Vurdering og konklusjon:

Ulstein kommune står framfor viktige val knytt til organisering av grunnskulestrukturen for å sikre eit framtidsretta, fagleg forsvarleg og godt opplæringstilbod.

Vi har vurdert ulike alternativ for organisering av barneskulane i kommunen, sett opp mot kvalitet i opplæringa, ressursbruk, tryggleik, samfunnsstruktur og økonomi. Målet har vore å legge eit solid grunnlag for politisk handsaming og fatte vedtak som sikrar langsiktige stabile og gode rammer for elevane også i framtida.

Alle alternativa er vurderte opp mot kvalitet, ressursutnytting, læringsmiljø og tryggleik.

Det er administrasjonen si vurdering at alternativ 3 gir dei beste føresetnadene for eit framtidsretta, fagleg sterkt skuletilbod i Ulstein kommune. Dette gir den største økonomiske innsparinga.

Skuleskyss vert organisert slik at tryggleik og struktur vert ivaretatt, og skulen har kapasitet og kompetanse til å ta imot elevane på ein god måte.

Forslaget legg til rette for gode læringsmiljø, betre fagleg leiing og meir effektiv ressursbruk, og det gjer kommunen betre rusta til å møte framtidige behov.

Kommunedirektøren si tilråding i saka vil vere at Ulstein kommune skal ha tre skular:

- Ulstein ungdomskule
- Ulsteinvik barneskule
- Hasund barneskule

Andre viktige føresetnadar er (ikkje uttømande):

- Kommunen skal nytte “unytta” skulebygg til nye formål.
- Bygga kan nyttast på fritida som i dag.
- Det vert gjort naudsynte trafikkisikringstiltak ved Ulsteinvik barneskule.

- Vi vil rå til at investeringar som gir gevinstar strukturelt vert prioritert.
- Vi må ha ei realistisk tidsline for gjennomføring.
- Sak om skulekrinsgrenser kjem opp som eiga sak.
- Tilsette vert ivaretatt i tråd med lov og avtaleverk.

Bruk av bygningsmasse

For Ulstein skule er forslaget at vi utviklar eigedomen til ein ny stor sentrumsbarnehage.

For Haddal skule vil vi nytte bygget til kontorarbeidsplassar for eigne tilsette, interkommunale einingar eller for utleige til andre.

Vi legg i størst mogleg grad opp til at bygga kan nyttast av ålmenta som i dag.

Investeringar

Ulstein kommune har avgrensa økonomiske ressursar til investeringar i åra framover.

I lys av dette er det avgjerande at investeringsplanlegginga tek utgangspunkt i langsiktige prioriteringar, strukturelle grep og strategiske val.

Vi har tradisjonelt valt å nytte eit 10-årsperspektiv for å styrke grunnlaget for gode avgjerder, utan å binde opp heile perioden i konkrete tiltak. Målet er å sikre ei realistisk og gjennomtenkt utvikling, der ressursbruken gir størst mogleg nytteverdi for innbyggjarane. Denne planlegginga vil ein halde fram med gjennom dei ordinære budsjett rundane.

Det er lagt til grunn at prosjekt som allereie er sett i verk (der kontrakt er inngått), vert vidareført som hovudregel. Alle andre prosjekt i økonomiplanperioden skal vurderast på nytt, og det vert stilt krav til utgreiing før prioritering og oppstart.

Eit viktig bakteppe for investeringane er dei rammene som kommunestyret har vedteke for økonomisk berekraft. I vedtaket om 10-årig investeringsplan i september 2023 vart følgjande styringsindikatorar vedtekne:

Låneramme: Ulstein kommune skal ikkje ta opp meir enn 400 millionar kroner i nye lån i perioden 2024–2033, med unntak av sjølvkostinvesteringar (VAR) og formidlingslån.

Gjeldsnedbetaling: Målet er å nedbetale 200 millionar kroner i same periode.

Dette krev at kommunen må vere særleg varsam med å bruke investeringar som «avlastning» for drifta, ein praksis som historisk har bidrege til økonomisk press.

For 2024 er det ein auke i netto lånegjeld minus sjølvkostgjelda på 29,7 millionar kroner. Investering i nye omsorgsbustadar står for den største bruken av lån i 2024 med 45,3 millionar kroner.

Framdriftsplan

Det må leggjast til grunn realistiske gjennomføringsplanar og forslaget frå kommunedirektøren er :

- Flytting av elevar frå Haddal og Ulstein skular til Ulsteinvik barneskule frå skuleåret 2026/2027.
- Ny stor barnehage på Skeide vert opna barnehageåret 2027/2028.
- Opning av kontorarbeidsplassar på Haddal i første del av 2027.

Skulekrinsar

Det må leggest fram eiga sak om justering av skulekrinsgrenser med verknad frå skuleåret 2026/2027.

For kommunar som har gitt forskrifter om skulekrinsgrenser, må det i tillegg til vedtak om nedlegging også gjerast ei etterfølgjande endring av forskrifta om skulekrinsgrensene. Områda som høyrer til skulen som vert lagd ned, må etter nedlegginga høyre til ein eller fleire andre skular i kommunen. Dette gjer ei forskriftsendring naudsynt ([Les meir her](#)).

Tilsette

Ved ein eventuell endring av skulestruktur, vil vi søke å finne alternativ arbeidsplass til dei som vert overtalige der dei er i dag. Innsparing og nedbemanning vil i hovudsak skje gjennom naturleg avgang. I samarbeid med tillitsvalde vil vi gjennomføre ein ryddig prosess i tråd med avtaleverket. God kommunikasjon og dialog vil gi grunnlag for å finne gode løysingar som sikrar rett kompetanse på rett plass. Alle tilsette i Ulstein kommune kan endre arbeidsstad internt i organisasjonen ved behov.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Tiltaka vil ikkje i seg sjølv føre til ulik behandling på grunnlag av kjønn, funksjonsevne eller andre diskrimineringsgrunnar. Det blir lagt vekt på likeverdig tilgang til opplæring og barnehagetilbod for alle barn uavhengig av bustadkrins.

Konsekvensar for folkehelsa:

Endringar i skulestruktur kan påverke barn og føresette sin kvardag, både positivt og negativt. Lengre skuleveg for nokre elevar kan redusere fysisk aktivitet, men betre fagmiljø og inkluderande læringsmiljø kan gi positiv innverknad på trivsel, meistring og psykisk helse.

Miljøkonsekvensar:

Auka transportbehov som følgje av lengre skuleveg kan gi auka utslepp. Samtidig kan meir effektiv bruk og gjenbruk av bygningsmasse og areal bidra til reduserte energikostnader og lågare miljøbelastning totalt.

Økonomiske konsekvensar:

Saka er del av eit større omstillingsarbeid med mål om å redusere driftskostnadane med minimum 18,84 mill. kroner. Endringar i skulestrukturen gir potensiale for store innsparingar og meir berekraftig ressursbruk over tid.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Endring i skulestruktur og samling av tilbod kan betre oversikta og styrke kommunen si evne til å handtere uønskte hendingar. Samtidig må det sikrast at nye strukturar tek høgde for trygg evakuering og beredskapsplanverk.

Konsekvensar for barn og unge:

Saka betyr mykje for barn og unge. Det vert lagt vekt på barnets beste, og elevundersøkingar viser at trivsel og inkludering kan oppretthaldast i større skular når dei er godt organiserte. Samstundes må endringar handterast varsamt for å motverke tap av tryggleik og nærleik, spesielt for yngre elevar.

Jarl Martin Møller
kommunedirektør

Karen Strand
Kommunalsjef oppvekst- og kultur

